



VOLDA KOMMUNE

Lauvstad barnehage

Sakshandsamar

Dato
10.12.18

Kommentarar/svar på høyring av budsjett 2019 og økonomiplan for 2019-2022:

Teneste- og utviklingsmål: «Tidlig innsats skal vere eit grunnleggande prinsipp..»
«Stortinget har vedteke ny bemanningsnorm og ei skjerping av pedagognorma i barnehagar.

Bemanningsnorma stiller krav om minimum ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år. Skjerpa pedagognorm inneber minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.

Pedagognorma skal vere innfridd

per 1. august 2018, medan bemanningsnorma skal vere innfridd innan 1. august 2019.

Norma er ikkje innretta slik at den tek omsyn til planleggingstid og anna arbeid for personalet som ikkje er direkte knytt til borna. Det tyder at vaksentettleiken er ikkje er like høg gjennom heile barnehagedagen...»

Kommentar: Det må påpeikast at skjerpa pedagognorm ikkje kjem i tillegg til bamanningsnorma men er ein del av. Dette betyr at dei 4 timane kvar pedagog er ute av avdelinga for planlegging er det ikkje sett inn personalressurs for denne. I tillegg kjem lovpålagde møter og andre lovpålagde oppgåver som tek pedagogane bort frå avdelinga utan at det er sett inn tilsvarende ressurs. Bemanningsnorma er difor ikkje oppfyllt slik den vert praktisert idag.. Det er ikkje råd å imøtekome alle barn sine ulike behov med ei så låg grunnbemanning som vi har i dag. Særskilt er det bekymringsverdig med tanke på dei minste borna i barnehagen som treng at faste vaksne er tett på **heile dagen**. Den aukande kompleksiteten i samfunnet gjer at der er fleire barn med ulike behov som ikkje vert møtte i barnehagen fordi grunnbamanninga er for låg. For å imøtekome borna sine behov for vaksenressurs/bemanningsnorm heile dagen bed vi om at der vert avsett ressurs i budsjettrammen for å dekke inn dei 4 timane kvar pedagog har til plantid. Å sette innsatsen inn på lågast nivå er mest lønsamt fordi det er både forebyggande og mest effektivt. Hjå barna vil dette truleg syne att seinare med mindre behov for spesialpedagogisk hjelp. I arbeidsmiljøet kan dette ha effekt på lågare sjukefråvær, auka jobbmotivasjon og samla betre tenester.

SU ved Lauvstad barnehage

Hanne Drabløs, leiar

Inghild Lillebø, nestleiar

Thea F. Osborg, vara tilsette

Evy Ulvestad, styrar og ref

Til Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

MERKNAD TIL BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

I budsjett og økonomiplan går det fram at nytt symjeanlegg er lagt inn med byggestart seinst 2020 og ferdigstilling 2022.

VTI Symjegruppa vil sterkt oppmode om å endre denne prioriteten. Bakgrunnen er at noverande symjehall vert stengt 31.12.2020. Å ferdigstille nytt symjeanlegg først i 2022 gir store konsekvensar.

Utgangspunktet er at symjeundervisning er lovpålagt oppgåve i grunnskulen. Å stå uten basseng i 2 år eller meir, gir som ein skjøner uforsvarlege konsekvensar. Det er også slik at Volda vidaregåande skule og Høgskulen i Volda nyttar basseng i si undervisning. Bortfall vil også ha vesentlege negative konsekvensar for desse.

Vidare skal det i 2019 iverksettast utbygging av både Volda Campus Arena og Mediebygget. Å ikke kunne gjennomføre utbygging av symjelegget integrert mot desse prosessane vil ha vesentlege økonomiske og framdriftsmessige konsekvensar. Den økonomiske meirkostnaden ved å vente i 2 år vil fort medføre ekstrakostnader i området 30 millionar.

I tillegg er det slik at VTI Symjegruppa gjennom år har bygd opp eit særmerkt og omfattande kompetanse- og breiddemiljø på symjing, i dette ligg det også omfattande opplæring på symje-og livredding langt ut over det skolemiljøa har hatt ressursar til.

Vi har utarbeidd nokre moment som vi legg ved her (sjå vedlegg).

VTI Symjegruppa vil difor sterkt oppmode om at prosjektet vert prioritert med oppstart allereie i 2019. Vi vil gjerne vere delaktige i å føre dette prosjektet vidare i samarbeid med Vokda kommune og andre etter den gode og fruktbare modellen som no gjer at VCA vert realisert.

Vi set vår lit til at kommunestyret ser det heilt nødvendige i dette.

Vennleg helsing
VTI Symjegruppa

Sign.

Sonja Håvik

Fra: Jon Heltne <joingval@gmail.com>
Sendt: 13. desember 2018 07:37
Til: Postmottak Volda; magnar.s@tussa.com; folkesf@online.no; Dan Helge Bjørneset; margretebj@gmail.com; oyvhund@gmail.com; Odd Harald Sundal; gts@hivolda.no; benedikte@interiorarkitektene.no; Rune Sjurgard; Jørgen Amdam
Kopi: styret@vti-symjing.no
Emne: Moment og merknad til budsjett
Vedlegg: Merknad til budsjett Volda kommune.docx

VOLDABADET

Moment i høve nytt FOLKEBAD, synergier, meirkostnader og framdrift:

Symjeopplæring, lovpålagt oppgåve.

Ferdig regulert

- Inngår i reguleringsplan for VCA i kraft 31.05.2018

Kommunal/offentleg tomt

- Tomta er offentleg eigmædig og medfører ingen tomtekostnad

Skisseprosjekt ligg klart

- Visualisert skisseprosjekt er utarbeidd og syner eksteriør, plassering på tomt m.m.

Vesentleg kostnadssynergi infrastruktur (VVA m.m.)

- Det vil vere vesentleg kostnadseffektivt å opparbeide infrastruktur samtidig med det som no skal gjerast i høve VCA og Mediebygget. Meirkostnad ved avbrot/mellombelse tiltak: 5-10 millionar?.

Vesentleg kostnadssynergi grunnarbeid

- Det vil vere vesentleg kostnadseffektivt å opparbeide infrastruktur samtidig med det som no skal gjerast i høve VCA og Mediebygget. Meirkostnad ved avbrot/mellombelse tiltak: 3-5 millionar?

Vesentleg kostnadssynergi kontinuerleg framfritt

- Det vil vere vesentleg kostnadseffektivt å opparbeide infrastruktur samtidig med det som no skal gjerast i høve VCA og Mediebygget. Meirkostnad ved avbrot/mellombelse tiltak: 15-20 millionar?.

Eksisterande syjmehall stengjer 31.12.2020

- Eksisterande anlegg vert sanert av Statsbygg fom 31.12.2020. Det er avklart at det ikkje vil vere mogleg å ha framhalden drift.

Planlagt nytt anlegg er i økonomiplan skissert ferdigstilt 2022.

- Med bakgrunn i punktet over vil Volda stå utan symjeanlegg i 2 år. Dette vil vere heilt øydeleggjande for kursverksemrd, symjesportmiljø, særnegativ effekt for lovpålagt symjeundervisning, helse og bulyst. I tillegg vil Volda Vidaregåande og HVO stå utan symjetilbod til sine elevar/studentar. Langtidseffekten av dette vert langt meir alvorleg en ein ser i dag. Kompetansemiljøet bygd opp over nær 60 år vil forsvinne. Her konkurransesymjing, trenrarar, intruktørar, symjeopplæring og kursverksemrd. Den unike kompetansen innafor symjeopplæring i Volda er i dag «eksportvare» til andre kommunar.

Realistisk forløp

- Saman med partar skissere samarbeidsprosjekt etter modell VCA

- Etablere prosjektgruppe januar 2019
- Utarbeide anbodsgrunnlag februar 2019
- Gjennomføre anbodsprosess mars-mai 2019
- Utarbeide finansieringsmodell mai 2019
- Byggestart koordinert med VCA og Mediebygget september 2019

Halvparten av 10-åringane i Noreg kan ikkje symje og berre ein svært liten del av dei som «kan» er innanfor krava i læreplanen. Det har vi dessverre sett reslutat av også i Volda dei siste åra. Fleire døyr av drukning enn i trafikken.

Mvh
Jon Heltne
Tel 48507430